



PØLSE-AUTOMAT: Tom-Adriel Jevnlid og Thomas Humborstad fortalte om korleis pølseautomaten autoMAT skal fungere.



BATTERI-AUTOMAT: Anders Fjellkårstad, Simon Haugen Vinsrygg (gr.leiar) og Elias Lødøen Flo (øk. ansv.) presenterte idéen om ein batteriautomat.



PIZZA-AUTOMAT: Tina Reines og gruppa ho var med på hadde forslag om ein pizza-automat.

● Spennande valfag-prosjekt ved Stryn ungdomsskule

Imponerte automatprodusent

I valfaget Teknologi i praksis har elevar i 8.-10. klasse ved Stryn ungdomsskule jobba med idear til nye automatlar. Førre veke vart ideane presentert i plenum.

Som mentor i prosjektjobbinga har dei hatt Harold Wioldraaijer, som er dagleg leiar hos den lokale automatprodusenten, Vendanor.

Han hadde på førehand utarbeidd eit rammeverk til elevane for ein enkel forretningsplan, og med klare føringar for kva spørsmål som måtte svarast opp i prosjektet. Ved sidan av dette var ein viktig del av jobben å lage ein modell av automaten, og saman med forretningsplanen vart denne presentert for klassen tysdag. Beste presentasjon og forretningside skulle premierast som ei avslutning av prosjektet.



GJENNOMTENKT: Dei fem gruppene presenterte alle gjennomtenkte automat-løysingar. Ein av ideane var ein automat med soda-stream maskiner. Her ser vi gruppleiar Anders Haugen Vinsrygg forklare funksjonaliteten. Delvis skjult ser vi Eirik Espe Vonheim og lengst til høgre Ole-Aleksander M. Sølberg.

LEKTOR 2-ORDNINGA

- Gjennom Lektor 2-ordninga har Stryn ungdomsskule hatt eit samarbeidsprosjekt med den lokale automatprodusenten Vendanor dei siste to åra.

- Målet med ordninga er at ein gjennom tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv skal bidra til auka interesse og rekruttering i høve realfaga, og betre læringsutbytte for elevane.

- Høgt nivå

- Det var overraskande høg kvalitet. Tankane dei hadde og vurderingane dei gjorde var av høgt nivå, seier han, tydeleg imponert etter at dei fem gruppene har synt fram sine arbeid. Her var det automatlar for pizza, sodastream-maskiner, bat-



MENTOR: Harold Wioldraaijer var på plass med kritiske spørsmål og ros til elevane.

teri, pølser og powerbank.

Elevane hadde grunnleggjende tankar rundt sjølve føremålet med automatane, men også detaljar som logo, fargeval og namn var gjennomtenkt. Nokre hadde også teke omsyn til spesielle behov hos brukarane, som pølseautomaten autoMAT. Her skulle informasjon også bli gitt som lyd, med tanke på dei blinde.

- Det er faktisk eit EØS-krav at automatlar skal lese opp for blinde, så dette er bonuspoeng,



VINNAR: Powerbank-automaten vann etter ei heilskapleg vurdering av idé og presentasjon. F.v.: Thusika Velalakan, Andreas T. Roset, Reidun Nesheim, Karl B. Bø, Michal Kucab og Markus Lunde.

rosa Wioldraaijer.

Både han og dei andre elevane hadde høve til å stille spørsmål rundt ideane og forretningsplanen, og her måtte ein svare for kostnader, plassering av automatane, lønsemd og marknadsbehov.

Etter ein time hadde alle fått vist fram sine automat-idear, og ein vinnar kunne kårast. Det vart gruppa som hadde utvikla ein powerbank-automat, «Power to go». Andreas Tømmerstøl Roset var gruppleiar.

- Det har vore kjekt å jobbe med det, seier han. Men noko framtid som automat-utviklar ser han ikkje heilt føre seg.

- Nei, det blir ikkje gjort noko meir med denne, smiler han forsiktig.

Rekruttering i tidleg fase

Også lærarane Ingrid Flore og Therese Gausnes var nøgde med prosjektet.

- Det har fungert kjempebra og elevane har kosa seg. Det vart litt betre i år. I fjor vart det

nok for avansert. Då hadde vi temaet programmering og det vart for teoretisk og ein del av elevane «ramla av», seier dei. Og nettopp at det er mest mulig praktisk har Wioldraaijer stor tru på.

- Eg trur elevane trivst betre med praktiske oppdrag framfor teoretiske case frå lærebøkene.

Han ser Vendanor sitt engasjement som ei investering i framtidig arbeidskraft.

- Vår motivasjon for å vere med på dette er i hovudsak rekruttering i ein veldig tidleg fase. Bli kjent med dei unge og håpefulle som vil vere klare for arbeidslivet om berre nokre få år. Det er viktig å vise fram kva bedriftene i Stryn har å tilby og vise at vi faktisk har mange spennande arbeidsplasser. Forhåpentlegvis festar det seg litt og då er det ein større sjans for at nokre blir att eller flyttar tilbake til Stryn etter utdanninga, seier Wioldraaijer.

ROY ARON MYKLEBUST
roy.aron.myklebust@fjordingen.no

Bare lave priser



15⁰⁰

PR. PK

KJØTTDEIG AV STORFE
Gilde, 220 g 45/45 per kg

10⁰⁰

PR. STK



BROKKOLI
Reke

29⁰⁰

PR. PK



SKIL KONT SKINKE
Reke/Gard, 120 kg, 04/00 per kg

REMA 1000